



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 11.12.2014
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00

Orientering: Kompetanseplan

Julemiddag kl 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

090/2014 Vassavtale med Gulen kommune

4. desember 2014

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - M12, TI - &01	14/985

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2014	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Vassavtale med Gulen kommune

32T

wfdocument

Revidert vassavtale med Gulen kommune (2)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner den reviderte vassavtalen som er vedlagd denne saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert vist til sak 045/2014 som var til handsaming i kommunestyret den 18.09.2014. Kommunestyret vedtok då samrøystes tilrådinga frå formannskapet, der det vart gjort ein del endringar i avtaleteksten i høve den avtalen Gulen kommunestyre handsama i sitt møte den 04.09.2014, sak 043/14.

Vedtaket Masfjorden kommunestyre gjorde den 18.09.2014 var følgjande:

« *Masfjorden kommune godkjenner revidert ramme-/vassavtale med Gulen kommune;*

1. Bakgrunn:

Kommunane har i dag felles vassforsyning for deler av sine forsyningsområde frå Andvik i Masfjorden, som er regulert i avtale frå 21.01.1999. Avtalen har som føremål å auka vassforsyninga til hovudbassenget i Hovden i Gulen kommune frå Andvik i Masfjorden kommune.

2. Kostnader for Gulen kommune:

a. *Investeringstiltak og kostnader knytt til naudsynt prosjektering og planlegging for*

å

auka vassforsyningskapasiteten til bassenget på Hovden definert som tiltak 4.1 i Cowi

rapport av 24.02.2014 blir å dekket fullt ut av Gulen kommune. Eigen avtale om

prosjektering og planlegging og prosjektgjennomføring og drift må underskrivas før

Masfjorden kommune kjøper konsulenttenester knytt til prosjektet.

b. Gulen kommune betaler til Masfjorden kommune i fastpris kr 8,00,- pr m³ levert vatn i basseng Hovden etter målt forbruk. Årsavgifta blir betalt etterskotsvis med forfall pr.

01.03. i året. Årsavgifta er gjenstand for årleg regulering, første gong eit år etter at

anlegget er sett i drift (ferdigstilt). Reguleringa skal skje i samsvar med endringane i

SSB sin konsumprisindeks i reguleringsperioden.

3. Leveringskapasitet:

Som grunnlag for leveringskapasitet ligg Cowi sine kapasitetsberekningar i rapport av 13.09.2014 og rapport av 24.02.2014, og inntil 350m³ pr.døgn.

4. Avtaleperioden:

Denne avtalen vil når den er underskriven av begge kommunane erstatta vassforsyningsavtalen frå 1999. Avtalen skal gjelda i inntil 5 år frå 1.1.2015. Avtalen er først bindande når den er vedtatt i kommunestyra i Masfjorden og i Gulen kommune.

5. Felles vidare utvikling:

Innan utgangen av denne avtaleperioden skal Gulen og Masfjorden kommunar ha vurdert og evaluert organisasjonsform og framforhandla ny avtale/selskap basert på ei levetid på anlegget på 20 år.»

Gulen kommunestyret godkjente avtalen i samband med sak 043/14 «Vassforsyning Gulen sør. Val av løysing », og gjorde då følgjande samrøystes vedtak :

«Gulen kommunestyre godkjenner ny vassavtale pkt. 1-5 mellom Gulen kommune og Masfjorden kommune under fylgjande føresetnader;

1. punkt 5 andre avsnitt tek opp i seg Gulen kommune sitt behov for å kunne delta som likeverdig part i den vidare utviklinga av samarbeidet

5. Felles vidare utvikling:

Innan utgangen av denne avtaleperioden skal Gulen og Masfjorden kommunar ha vurdert og evaluert organisasjonsform og framforhandla ny avtale/selskap basert på ei levetid på anlegget på 20 år.

2. næringslivet stiller dei naudsynte økonomiske garantiar for å sikre ein sunn økonomi i utbyggingsprosjektet

Vurdering:

Grunnlaget for avtalen Gulen kommune handsama var ein avtaletekst per 9. juli 2014. Denne er vedlagd saka for ordens skuld. Kommunestyret i Gulen gjorde i dette møtet ei endring i avtaleteksten som gjorde at siste avsnittet i punkt 5 gjekk ut. Punkt 5 i avtalen er difor no den same i begge kommunane.

For at ein avtaletekst skal gjelda for to partar er det viktig at avtaletekstane er like. Den reviderte avtalen som no ligg føre, sjå vedlegg til saka, har fått inn ei presisering i punkt 3, at leveringa gjeld inntil 350 m³ per døgn. Dette talet er i samsvar med Cowi rapporten, som avtaleteksten i same punkt 3 viser til. Denne endringa vert difor ikkje sett på som noko endring i avtaleteksten, men berre som ei presisering av fakta. Ein rår til at vedlegget vert godkjent slik det ligg føre no. Skulle kommunestyret ønskja å endra på teksten i vedlagde avtale, må ny avtaletekst verta handsama på nytt i Gulen kommune, med dei forseinkingar det kan medføra for å koma vidare med å styrka vassforsyninga til Gulen/ Sløvågområdet.

Revisjon av vassavtale mellom Gulen kommune og Masfjorden kommune

1. Bakgrunn:

Kommunane har i dag felles vassforsyning for deler av sine forsyningsområde frå Andvik i Masfjorden, som er regulert i avtale frå 21.01.1999. Avtalen har som føremål å auka vassforsyninga til hovudbassenget i Hovden i Gulen kommune frå Andvik i Masfjorden kommune, samt gje ein retning for det vidare samarbeidet om felles utvikling av vassforsyninga.

2. Kostnader for Gulen kommune:

- a. Investeringstiltak og kostnader knytt til naudsynt prosjektering og planlegging for å auka vassforsyningskapasiteten til bassenget på Hovden definert som tiltak 4.1 i Cowi rapport av 24.02.2014 blir å dekkja fullt ut av Gulen kommune. Eigen avtale om prosjektering og planlegging og prosjektgjennomføring og drift må underskrivast før Masfjorden kommune kjøper konsulenttenester knytt til prosjektet.
- b. Gulen kommune betaler til Masfjorden kommune i fastpris kr 8,00,- pr m³ levert vatn i basseng Hovden etter målt forbruk. Årsavgifta blir betalt etterskotsvis med forfall pr. 01.03. i året.
Årsavgifta er gjenstand for årleg regulering, første gong eit år etter at anlegget er sett i drift (ferdigstilt). Reguleringa skal skje i samsvar med endringane i SSB sin konsumprisindeks i reguleringsperioden.

3. Leveringskapasitet

Som grunnlag for leveringskapasitet ligg Cowi sine kapasitetsberekningar i rapport av 13.09.2014 og rapport av 24.02.2014.

4. Avtaleperioden:

Denne avtalen vil når den er underskriven av begge kommunane erstatta vassforsyningsavtalen frå 1999. Avtalen skal gjelda i inntil 5 år frå nytt vassforsyningsprosjekt er ferdigstilt, alternativt 5 år frå 1.1.2015.

Avtalen er først bindande når den er vedtatt i kommunestyra i Masfjorden og i Gulen kommune.

5. Felles vidare utvikling:

Innan utgangen av denne avtaleperioden skal Gulen og Masfjorden kommunar ha vurdert og evaluert organisasjonsform og framforhandla ny avtale/selskap basert på ei levetid på anlegget på 20 år.

Med bakgrunn i behovet for formalisering og forutsigbarheit i det vidare samarbeidet skal eit interkommunalt selskap dannast dersom ein av partane ser det som føremålsteneleg.

Masfjorden, den 09 /07

2014

Gulen, den 09 /07 2014

Ordfører i Masfjorden kommune

Ordfører i Gulen kommune



Revisjon av vassavtale mellom Masfjorden kommune og Gulen kommune

1. Bakgrunn:

Kommunane har i dag felles vassforsyning for deler av sine forsyningsområde frå Andvik i Masfjorden, som er regulert i avtale frå 21.01.1999. Avtalen har som føremål å auka vassforsyninga til hovudbassenget i Hovden i Gulen kommune frå Andvik i Masfjorden kommune, samt gje ei retning for det vidare samarbeidet om felles utvikling av vassforsyninga.

2. Kostnader for Gulen kommune:

- a) Investeringstiltak og kostnader knytt til naudsynt prosjektering og planlegging for å auka vassforsyningskapasiteten til bassenget på Hovden, definert som tiltak 4.1 i Cowi rapport av 24.02.2014 blir å dekkja fullt ut av Gulen kommune. Eigen avtale om prosjektering og planlegging og prosjektgjennomføring og drift må underskrivast før Masfjorden kommune kjøper konsulenttenester knytt til prosjektet.
- b) Gulen kommune betaler til Masfjorden kommune i fastpris kr. 8,00,- pr. m3 levert vatn i basseng Hovden etter målt forbruk. Årsavgifta blir betalt etterskotsvis med forfall pr. 01.03. i året. Årsavgifta er gjenstand for årleg regulering, første gong eit år etter at anlegget er sett i drift (ferdigstilt). Reguleringa skal skje i samsvar med endringane i SSB sin konsumprisindeks i reguleringsperioden.

3. Leveringskapasitet:

Som grunnlag for leveringskapasitet ligg Cowi sine kapasitetsberekningar i rapport av 13.09.2014 og rapport av 24.02.2014 og inntil 350 m3 pr. døgn.

4. Avtaleperioden:

Denne avtalen vil når den er underskriven av begge kommunane erstatta vassforsyningsavtalen frå 1999. Avtalen skal gjelda i inntil 5 år frå nytt vassforsyningsprosjekt er ferdigstilt, alternativt 5 år frå 1.1.2015. Avtalen er først bindande når den er vedtatt i kommunestyra i Masfjorden og i Gulen kommune.

5. Felles vidare utvikling:

Innan utgangen av denne avtaleperioden skal Gulen og Masfjorden kommunar ha vurdert og evaluert organisasjonsform og framforhandla ny avtale/selskap basert på ei levetid på anlegget på 20 år.

Stad/Dato

Stad/Dato

Karstein Totland
Ordfører i Masfjorden kommune

Hallvard Oppedal
Ordfører i Gulen kommune